

Referat frå soknerådsmøte onsdag 15/5-24, kl. 17-19.30 på Solhaug.

Tilstades: Stian Holte, var med fram til sak 42/24 og var med på sak 50/24, Katrine Burmester, Nils Steinar Stavsholt, Carina Syvertsen, Hilde Roksund, Marie H. Nordli, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, var med frå sak 45/24, Mona Halsvik, Ragnhild Halden.

Meldt fråvær: Stian er med fram til kl.18.

Nestleiar Katrine Burmester leia møtet.

Sak 41/24: Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

Sak 42/24: Godkjenning av referat frå forrige møte.

Vedtak: Referat frå møte 03.04.24 vart godkjent.

Referat frå ekstra møte 07.05.24 er ikkje sendt ut.

Sak 43/24: Oppfølging av foreløpig regnskap opp mot budsjett.

Vedtak: Framlagt regnskap pr. 14.05.2024 med eit førebels overskot på kr. 14.334,78 vart godkjent.

Sak 44/24: Sjå kva tiltak som kan gjerast for å nå budsjett.

Eventuelt gå i balanse mellom utgifter og inntekter. Herunder planlegge offerliste for hausten.

Forslag om å søke på legater. Enkeltarrangement kan søke kirkerådet om støtte.

Ein stor del av offergåvene går til Estlands misjonsprosjekt. Ragnhild sjekker opp denne kontrakten.

Det er satt opp 3 ofringer i år som skal gå til Solhaug, 2 av desse er gjennomført og fordelt. Den siste som står igjen kan gå til anna formål. Solhaug går greit i forhold til økonomi.

Vedtak: Mona tar ansvar for å søke om støtte/midler.

Den 3. og siste offergåva som er satt opp til Solhaug i 2024 går til menigheten.

Sak 45/24: Felles soknerådsmøte med Holla og Helgen sokn.

Tid og stad: Onsdag 12/6-24, kl.17-19, på Solhaug.

Ingen saker foreløpig meldt til møtet.

Vedtak: Stian har ansvar for innkalling til møte. Me ynskjer også tid for evt. å drøfte egne saker. Stian Holte og Stian Refsdal har ansvar for å sette opp sakliste og sende ut innkalling til medlemmene. Det legges opp til grilling og sosialt samvær.

Katrine tar med grill, og spør Jostein om å ta ansvar for innkjøp av grillmat.

Nils Steinar kjøper inn is og drikke. Mona tar med fløtegratinerte poteter.

Hilde lagar salat og tar med kake. Marie lagar kake.

Sak 46/24: Familiedag 29/9.

Trenger to frivillige frå soknerådet til planleggingskomite i tillegg til Nils Steinar. Ragnhild, sammen med trosopplærar Dorota, organist Frøydis Holte, og kirketjener deltek på arrangementet. Det blei satt fram ønske om å avslutte dagen med noko som kan være eit samlende punkt til slutt etter aktiviteter, - for eksempel en liten konsert?

Vedtak: Til planleggingskomiteen i tillegg til Nils Steinar blir Carina, Ragnhild og Mona frå staben med. Nils Steinar kallar inn til første møte.

Sak 47/24: Trosopplæringskomite.

Følge opp vedtak gjort i møte 7/5

Vedtak: Carina legg fram forslag på kven som kan være med i trosopplæringskomite på neste soknerådsmøte. Mona skal ta opp med trosopplærar Dorota om å være med i komiteen. Mona har også oversikt over midler, budsjett/regnskap til trosopplæring.

Medlemmene konstituerer seg når dei kjem saman.

Sak 48/24: Fjerning av kyrkjebenkar. Følge opp vedtak av tidlegare sokneråd. Gåve frå Tyri bedehus etter avvikling der.

Div. møbler frå Tyri bedehus, stolar og bord, ønsker ein å plassere bakerst i kyrkja ved å først fjerne nokre av dei bakerste benkane. Dei som ikkje blir bruka i kyrkja, kan ein ta til Solhaug.

Det er også eit piano som det er ønske om å bruke i Flåbygd, og ein gammal Bibel som gis bort til menigheten.

Vedtak: Arbeidet med å fjerne benkar i kyrkja blir utført med hjelp av kyrkjetenerane Jens og Jonny så snart dei har tid. Bord og stolar frå Tyri bedehus lagrast midlertidig frem til de skal plasseres i kyrkja.

Sak 49/24: Delegeringsreglement/utval

Vedtak: Saka vart utsatt.

Sak 50/24: Kyrkjelydsblad.

Kyrkjelydsblad er ei form for kommunikasjon- og informasjonsformidling.

Vedtak: Komite for Kyrkjelydsblad: Katrine, Hilde, Nils Steinar, Aslaug Djuve. Katrine kallar inn til første møte.

Sak 51/24: Dugnad på Solhaug.

Vedtak: Dugnaden er den 18. juni kl. 12-19 på Solhaug.

Nils Steinar sender mail til sokneråd og stab med informasjon. Tilbakemelding om kven som kan vera med sendast til Nils Steinar. Solhaugstyret v/Nils Steinar setter opp arbeidslister og fordeler arbeidsoppgåver deretter.

Sak 52/24: Eventuelt.

Sak 52/24.1: Reduksjon i soknepreststillinga.

Ragnhild informerte soknerådet om at bispedømmerådet vil kutte ned på enkelte soknepreststillinger i prostiet.

For Lunde og Flåbygd så vert konsekvensen at me får sokneprest i 75% stilling, medan det for presten inneber ein todelt stilling 75/25. I tillegg til 75% stilling som sokneprest, vil Ragnhild få 25% stilling i ønsket og elsket. Dette vil gjelde nå frå høsten.

Forslag til reduksjon av prestestillinga og ny stillingsbeskrivelse vil bli sendt til soknerådet for høring. Soknerådet får da anledning til å bruke sine uttalerettigheter. Soknerådet ønsker å få svar på grunnlaget for dette forslaget, det er behov for prest til bl.a. barne- og ungdomsarbeid fortsatt, der det blir gjort mykje bra arbeid med dette og det er god deltaking.

Soknerådet vil få eit utkast frå Ragnhild ang. saken, og AU vil utarbeide eit brev med klage på forslaget som vil sendast til bispedømmerådet.

Ragnhild Halden avslutta møtet med å lese frå boka «Dager som kommer» av Knut Grønvik. 5.Mos.kap.10, og bønna «Fader vår»

Neste møte: Felles soknerådsmøte med Holla og Helgen sokn, onsdag 12/6-24, 17-19 på Solhaug.

Skrivar: Marie H. Nordli, Lunde 16/5-24.